



Ein fornøgd Rosendaltrenar Håvard Sætrevik takkar spelarane for god innsats.

Rosendal vann det viktige borteoppgjøret på Osterøy då dei beseira Hausvik med 2-0. Atter ein gong var det tenåringane som fann nettmaskene. Hausvik som ligg nes sist på tabellen, måtte ha poeng for å overleve i divisjonen.

Hausvik starta svært aggressivt, og Rosendal vart liggjande bakpå og forsvara seg, og det vart ikkje noko særleg meir enn ein og annan tur i angrep som det aldri vart noko av. Slik gjekk 1. omgang.

Andre omgang starta meir offensivt, og Rosendal kom høgare på banen. Dermed vart det fleire sjansar. Etter ca 20 minuttar spel fekk unge Marius Myklebust ballen rett utanfor sekstenmeteren. Han såg keeperen til Hausvik var litt langt ute og lobba ballen elegant over keeper og i mål. Ein flott prestasjon av unge Marius, og 1-0 til bortelaget. Rosendal.

No kom Rosendal høgare på banen, og spelet byrja å fungera. Hausvik bar preg av at dei måtte ha poeng, og var veldig aggressive på heile banen. Dei bar ikkje preg av å liggja nest sist på tabellen. Så etter 32 minuttar starta igjen Marius Myklebust eit fint raid på høgresida. Han gjekk til dørlinja og la fint inn foran mål, og nok ein tenåring dukka opp. Unge Vegard Bauge frå Herøysund styrde ballen fint i mål og 2-0. Hausvik hadde fremdeles ikkje gitt opp, og dei hadde eit skot i tverrliggeren då det gjensto få minuttar.

Det var ein skikkeleg sliteseier på bortebane og ein flott innsats av alle som var med på denne kampen. Det er litt synd at nokre etablerte spelarar kun stiller til heimekampane og ikkje tek seg tid til å vere med borte. Flott innsats av alle som var med, og Rosendal heng fremdeles med i kampen om opprykk.

Desse var med frå Uskedalen Marius Myklebust, Hermund Døssland, Torbjørn Steinsvik og Sondre Stensletten Myklebust.

Tekst og foto: Ragnvald Myklebust

Nett: Thor Inge Døssland